


NORSK KULTURFORUM AGDER



inviterer til fagkonferanse
22.-23. april 2010,
Sølvgarden i Valle kommune,
Setesdal


Med hardingfela inn i rockebingen

**Tradisjon og nyskaping
– motsetningar eller samspel?**

Norsk kulturforum Agder (NOKU) inviterer med dette kulturpolitikarar, kulturtilsette og andre interesserte i våre kommunar, fylkeskommunar og kulturinstitusjonar til sin første konferanse etter samanslåinga av Norsk kulturforum Aust-Agder og Vest-Agder.

Konferansen ønskjer å fokusere på temaet tradisjon og utvikling. Vi har invitert med eit knippe spennande menneske med ulike tilnærmingar til temaet.

I år har vi valt å leggje konferansen til Valle kommune i Setesdal, til Sølvgarden hotell og feriesenter på Rysstad (www.rysstadferie.no).



Nokre av problemstillingane:

- **Korleis tar vi sterke og gamle tradisjonar inn i den tida vi lever i?**
- **Korleis kan tradisjonar overleve i eit bruk- og kastsamfunn?**
- **Korleis kan kommunar og fylkeskommunar leggje til rette for at både den tradisjonelle kulturen overlever og at det blir gitt rom for nyutvikling?**
- **Kor viktig er det å halde på etterlevingane frå fortida?**
- **Kven skal bestemme kva som kan endrast og kva som må haldast fast ved?**

Våre samarbeidspartnarar og sponsorar er:

Valle kommune | Bykle kommune |
Aust-Agder fylkeskommune | Vest-Agder fylkeskommune | Setesdal regionråd |
Honorarfondet for folkemusikk i Valle og Bykle



Program

Torsdag 22. april

10.30: Registrering, enkel servering

11.00: - Musikalsk start
v/ elever frå kulturskolen i Valle
- Informasjon ved NOKU Agder

v/ Torunn Charlotte Lund og Tove Linda Høgstøl

- Velkommen til Valle
v/ordførar Bjørgulv Lund
- Konferansieren har ordet
Per Norstrøm, fylkeskultursjef i Aust-Agder fylkeskommune



11.30: "Musikk og følelser i tradisjon og nåtid"
v/ professor Hans Herlof Grel-land



12.30: Innsjekking/ lunsj

13.30: "Kultur i endring"
v/ Trond Mikkelsen, prosjektleiar Folkemusikkprosjektet i Setesdal



14.00: Pause

14.15: Tre eksempel
- Helga Jacobsen, fagleiar kulturformidling i Bykle
- Line Mastad, kunstnar
- Torill Haugen, dagl. leiar Utsikten kunstsenter i Kvinesdal



15.15: Kaffipause

15.45: Open post
Du er velkommen til å fortelje om prosjektet ditt. Meir informasjon på påmeldingsarket.



18.00: Pause

19.30: Kvedarstund /-kurs
v/ Kirsten Bråten Berg og Astri Rysstad



20.30: Middag
Visevert for kvelden er kulturleiar i Bykle kommune, Astri Rysstad

Fredag 23. april

09.30: Frukostkonsert
ved Jamie Lodberg



09.40: Omvisning i Sølvsmia
Historieforteljing ved ein sølvsmed

09.55: Konferansieren har ordet
Anne Tone Hageland, fylkeskultursjef i Vest-Agder fylkeskommune

10.00: "Tradisjonens død og gjenoppstandelse - om restaurering og resirkulering, marknadføring og merkevarebygging og anna tidsmessig tankeløyse"
v/ forfattar Paal-Helge Haugen



11.00: Pause

11.15: "Ei reise i språk og kultur"
v/språkdirektør Sylfest Lomheim



12.00: "Rie rie renne"
Ei framføring av og med Paal-Helge Haugen og Kirsten Bråten Berg

12.30: Oppsummering
v/ kultursjef i Søgne kommune og styremedlem i NOKU Agder, Kristian Strøm-Fladstad

13.00: Lunsj og vel heim!

Desse møter du

Sylfest Lomheim: Filolog, direktør i Norsk Språkråd sidan 2003. Tidl. professor ved Universitetet i Agder, har også arbeidd i Frankrike. Har skriva fleire bøker om språk, den siste boka, Språkreisa, kom i 2007. I tillegg har han omsett og vore medforfattar til fleire bøker. Sylfest Lomheim er særleg kjend frå NRK. Han var språkkonsulent for NRK frå 1980 til 1994, har vore medarbeidar i radioprogrammet Språkteigen frå 1990 og delteke i den populære TV-serien Typisk norsk.

Hans Herlof Grelland: Master i filosofi og professor i kvantekjemi ved Universitetet i Agder. Underviser i m.a. etikk, vitenskapsteori og andre filosofiske emne. Har gitt ut fleire bøker, samt internasjonale vitenskaplege publikasjonar innan fenomenologisk filosofi. Har særleg interesse for kvantefysikken sin filosofi og for eksistensfilosofi, spesielt Søren Kierkegaard, Edith Stein og Jean-Paul Sartre.

Paal-Helge Haugen: Forfattar og dramatiker frå Valle i Setesdal. Debuterte som 20-åring i 1965 med Blad frå ein austleg hage. Har gitt ut 30 bøker sidan debuten, og er omsett til ei rekke språk. Fleire av utgivingane hans er illustrerte av int. kjende biletkunstnarar. Har samarbeidd med folkemusikkarar frå Setesdal, og skriva tekstane til ei lang rekke større musikkverk saman med komponistar som A. Nordheim og Cecilie Ore. Haugen har fått mange litterære prisar gjennom åra, t.d. Norsk kulturråds litteraturpris (1968), Nynorsk litteraturpris (1985 (1990), Cappelenprisen (1991), Gylden-dalprisen (2008), Aschehougprisen (2008) og Aust-Agder fylkes kulturpris (2009). Utnemnt til Ridder av 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden i 2009.

Kirsten Bråten Berg: Opphavleg frå Arendal, men har budd i Valle i Setesdal så å seie heile sitt vaksne liv. Folkemusikar og sølv-smed. Har òg bakgrunn frå jazz, og er rekna som ein fornyar av folkemusikken. Har fått ei rekke utmerkingar, så som Aust-Agder fylke sin kulturpris (1982), Radka Toneffs minnepris (1997) og Spellemansprisen (1979, 1988, 1993). Utnemnt til Ridder av 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden i 2005. Har gitt ut og medverka på ei rekke plater, turnert over heile verda, og m.a. samarbeidd mykje med Arild Andersen, Paolo Vinaccia og Hallvard T. Bjørgum.

Trond Mikkelsen: Frå Stavanger, busett i Bykle i Setesdal. Tilsett som prosjektleiar for Folkemusikkprosjektet i Setesdal; eit mobiliserings- og rekrutteringsprosjekt eigd av Bykle, Valle og Bygland kommunar, Setesdal regionråd, Aust-Agder f.k. og Setesdal spelemannslag. Mikkelsen var produksjonskoordinator i Stavanger2008, og har brei bakgrunn frå kulturlivet i Stavanger. Tidl. styremedlem og leiar av utviklingskomiteen i Stavanger Jazzforum/Maijazz, og ein av grunnleggjarane av Checkpoint Charlie, før han altså kom til Setesdal våren 2009.

Helga Jacobsen: Fagleiar kulturformidling i Bykle kommune. Utdanna frå Universitetet i Stavanger, med hovudvekt på jazz og improvisasjon, men har også bakgr. innafor folke-musikk og dans. Før ho gjorde setesdøl av seg, var ho m.a. med på både Moldejazz og ulike Stavanger2008-prosjekt. Til dagleg lærar og leiar ved kulturskolen, har ansvar for kulturformidling i Bykle og er aktiv utøvar i vokal folkemusikk - gjerne med ein litt ny vri.

Line Mastad: Strikkekunstnar og spes.ped. med BA i kunst og handverk frå UiA. Hatt fleire utstillingar, men hennar "Setesdalsburka" vekte sterke reaksjonar på Sørlandsutstillinga i 2008. I 2009 jobba Mastad mellom anna med utstillinga "I am able Opus 1-4" på Vest-Agdermuseet, i samarbeid med "Min kropp – min sannhet".

Torill Haugen: Kunstnar og dagl. leiar av Utsikten kunstsenter i Kvinesdal. Har MA i Design and Media Art frå Westminster University i London. Mellom anna bakgrunn frå Laban Center for Movement and Dance, og har arbeidd som dansar, koreograf og regissør i diverse prosjekt. Ho sit òg som styreleiar i Prod.nettverket for elektronisk kunst.

Astri Rysstad: Tenesteleiar kultur i Bykle kommune, aktiv i folkemusikkmiljøet og har mellom anna samarbeidd med Kirsten Bråten Berg på CD-en "Stev for dagen". Astri er også kveldenens visevert på torsdag.

Jamie Lodberg: Busett i Valle i Setesdal sidan hausten 2007, canadiar som gjorde så grundig setesdøl av seg at han talar målet betre enn dei fleste og svingar felebogen på høgde med dei beste. Han er IKT-rådgjevar i Valle kommune, med ei lita undervisningsstilling i Valle kulturskule.